



«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dykkar ref. «REF»	Vår ref. 2006/2291 - 13101/2008	Saksbehandlar – tlf. Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	Arkivkode 137/168	Dato 29.05.2008
----------------------	------------------------------------	---	----------------------	--------------------

Vedk tilknytning avløp frå nye bustader på gbnr 137/168 og 137/703 - Alver

Den 21. september 2005 mottok vi kopi av skriv datert 31.07.2005 frå Odd Ones som representant for eigarane, om at eigarane av felles avløpsleidning aksepterte at 2 einingar kunne knytast til leidningen.

15.desember same år som det brev frå 3 av eigarane (ein av dei har selt eigedommen) som ikkje hadde godkjent denne tilkoplinga som hevdar at alle eigarane må skriva på for at avtalen skal vera gyldig.

Fyr byggearbeida vert sett i gang må **søknad om tilknytning til vatn og planar for vassforsyning og avløp** vera godkjent av kommunen ved VVA – teknisk drift, som er vilkår i vedtaket av 24.11.2005..

Eit vilkår for å få bygga på dei to eigedommane er at tilknytning til lovleg utsleppsanlegg er dokumentert . **Det må leggest fram løyve frå eigarane av anlegget** – enten det er frå person med skriftleg fullmakt, frå styre, frå fleirtalet av eigarane eller frå alle. Det kjem an på korleis eigarskapet er organisert. Dette må partane finna ut av og melda skriftleg tilbake til kommunen.

Med helsing

Tor Hegle(s)
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi: VVA – teknisk drift